

ÅRSJUL FOR ELEVVURDERING I TYSVÆR

Tidspunkt	Trinn	Vurdering	Lovhjemmel	Organisering	Dokumentasjon
Jamleg (t.d. ein gong pr. måned)	1.-10.	Dialog om anna utvikling	3-8. Dialog om anna utvikling <i>Eleven, lærlingen og lære kandidaten har rett til jamleg dialog med kontaktlæraren eller instruktøren om sin utvikling i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket.</i>	Undervisningstida/bunden tid Ansv. Kontaktlærer	Registrering av tidspunkt og event. innhald i spesielle tilfelle der ein ser trong for dok.
Kontinuerleg Systematisk	1.-10.	Undervegs-vurdering Framovermelding Sjå: Klasseroms-vurdering	§ 3-11. Undervegs-vurdering <i>Undervegs-vurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen og lære kandidaten aukar kompetansen sin i faga, jf. § 3-2. Undervegs-vurderinga skal gis løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.</i> <i>Undervegs-vurderinga skal innehalde grunnleggjande informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidaten og skal givast som meldingar med sikte på fagleg utvikling.</i>	Munnleg: Undervisningstida Skriftleg: Kan vere aktuelt skriftlege på arbeid/prøvar etc.	
Sept./okt. Feb./mars	4.-10.	Elevsamtalen	<i>Eleven, lærlingen og lære kandidaten har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale med kontaktlæraren eller instruktøren om si utvikling i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen kan gjennomførast i samband med halvårsvurderinga utan karakter, jf. § 3-13 og i grunnskolen i samband med samtalen med foreldra etter § 3-9.</i>	Undervisningstida Ansv. Kontaktlærer	Registrering av tidspunkt og tema (eige skjema)
Nov./des. Mai/juni	1.– 3.	Elevsamtalen: Kan kombinerast med halvårsvurderinga	<i>Læraren skal vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4.</i> <i>Lære kandidatar og elevar med individuell</i>	Bunden tid Ansv.: Kontaktlærer	Nasj.prøvar Kartleggingar Etc.

			<p><i>opplæringsplan skal både ha undervegsvurdering og rettleiing i samsvar med den opplæringsplanen som er utarbeidd for dei, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter § 3-20 skal ha undervegsvurdering utan karakter på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen så langt planen avvik frå læreplanen for faget.</i></p> <p><i>Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter § 3-21 til § 3-24 skal ha undervegsvurdering utan karakter i faget. Grunnlaget for vurdering er kompetansemåla i faget, jf. § 3-3.</i></p>		
Jamleg	1.-10.	Eigenvurdering	<p>§ 3-12. Eigenvurdering</p> <p><i>Eigenvurderinga til eleven, lærlingen og lære kandidaten er ein del av undervegsvurderinga. Eleven, lærlingen og lære kandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. opplæringslova § 2-3 og § 3-4.</i></p>	I undervisningstida i samband med jamleg dialog om anna utv. og undervegsvurderinga.	Eige punkt i skjema for dok.
Sept.	1.-3.	Kontakt med heimen	<p>§ 3-9. Kontakt med heimen i grunnskolen</p> <p><i>Skolen skal halde kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret.</i></p> <p><i>Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagt og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra om utviklinga til eleven i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og</i></p>	Ved kontaktlærar innanfor bunden tid	Registrering av tidspunkt og tema
Nov./des.	4.-10.	Kontakt med heimen (helst utan elev)		Halvårsvurderinga blir gitt til føresette og elev anten samla eller kvar for seg.	
Mai/juni	1.- 10.	Kontakt med heimen Kombinert med: Halvårsvurdering		Kontaktlærar syter for skriftleg informasjon frå faglærarar dersom desse ikkje har eigen samtale	

			<p><i>utviklinga til eleven. Eleven kan vere med i samtalen med foreldra. Når 1eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til å vere med i samtalen. Det skal alltid sendast skriftleg melding når foreldra ikkje møter til samtale.</i></p> <p><i>Når skolen eller heimen meiner det er formålstenleg, kan skriftleg melding nyttast i tillegg.</i></p>	med elev/føresette	
Nov./des. Mai/juni	1.-10.	<p>Halvårsvurdering</p> <p>Sjå elles elevsamtalen og kontakt med heimen når det gjeld kombinasjonar</p>	<p>§ 3-13. Halvårsvurdering i fag for elevar</p> <p><i>Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til eleven i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Ho skal også gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.</i></p> <p><i>Det skal bli gitt halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.</i></p> <p><i>Frå 8. årstrinnet skal eleven ha halvårsvurdering utan karakter og halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurderinga med karakter skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga.</i></p> <p><i>I grunnskolen skal halvårsvurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden på 8., 9. og 10. årstrinnet, og ved slutten av opplæringsåret på årstrinnet for fag som ikkje blir avslutta, jf. læreplanverket.</i></p> <p><i>I vidaregåande opplæring skal halvårsvurdering gjennomførast midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn. I fellesfag, jf. § 3-45, skal elevane også ha halvårsvurdering med karakter på slutten av opplæringsåret dersom faget ikkje blir avslutta, jf. læreplanverket.</i></p>	<p>Kan sjåast i samanheng med § 3-9</p> <p>Sjå førre punkt</p>	<p>Registrering av tidspunkt og tema. Event.skriftlege fagrapportar</p> <p>Karakter</p>

			<p><i>Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter § 3-20 til § 3-24 skal ha halvårsvurdering utan karakter. For elevar med fritak frå vurdering med karakter etter § 3-20 skal halvårsvurderinga utan karakter givast på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen så langt denne avvik frå læreplanen for faget.</i></p> <p><i>Rektor har ansvaret for at faglæraren gjennomfører halvårsvurdering med og utan karakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for halvårsvurdering er følgde, kan rektor be om ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette.</i></p>		
Nov./des. Mai/juni	1.-10. 8.-10.	<p>Halvårsvurdering i orden og åtferd</p> <p>Kombinert med: halvårsvurdringa</p>	<p>§ 3-15. <i>Halvårsvurdering i orden og i åtferd for elevar</i></p> <p><i>Halvårsvurdering i orden og i åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og i åtferd i heile opplæringsløpet.</i></p> <p><i>Frå 8. årstrinnet skal det givast halvårsvurdering også med karakter i orden og i åtferd. Halvårsvurdering med karakter skal fastsetjast midt i opplæringsperioden på 8., 9. og 10. årstrinnet og ved slutten av opplæringsåret så nær som etter 10. årstrinnet.</i></p> <p><i>Kontaktlæraren skal gi halvårsvurdering i orden og i åtferd i samarbeid med dei andre lærarane til eleven.</i></p>	<p>Sjåast i samanheng med § 3-13</p> <p>Kontaktlærar samarbeidar med dei andre lærarane</p>	Karakter